



OSTERØY
KOMMUNE

Omsynssoner: Utvalde kulturmiljø

VEDLEGG TIL
KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL 2025-2035
PLANID 4630_2021004
HS-SAK: XX.XX.20XX SAKNR. XXX/XX

HØYRING 2025

Dato: 27.10.2025, 1. gongs høyring og offentleg ettersyn.

Revidert etter vedtak i Heradsstyret 19.06.2025, av sak 57/2025 KPA 2025-2035 1.gong politisk handsaming. Heradsstyret vedtok å legge framlegg til kommuneplanen sin arealdel 2025-2035 ut til offentleg ettersyn og høyring i minst 6 veker. Fleire tillegg og endringar vart også vedteke, og har blitt arbeid inn i planforslaget.

Høyring 2025

Innhald

FORORD	4
OMGREPSAVKLARING	4
KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL.....	6
Viktige og verdifulle kulturmiljø i Osterøy kommune	6
LISTE OVER UTVALDE KULTURMILJØ.....	8
Område 1: Bruvik.....	9
Område 2: Haus.....	11
Område 3: Gjerstad	14
Område 4: Lonevåg.....	14
Område 5: Haugo.....	14
Område 6: Valestrand.....	16
Område 7: Hamre, Hjellvik, Raknes.....	19
Område 8: Hosanger.....	21
Område 9: Fotlandsvåg.....	22
OMRÅDE MED ANDRE TYPAR VERN	26
Område med vern i reguleringsplanar	26
Freda kulturminne og kulturmiljø etter Kulturminnelova med bandleggingssone i kommuneplanens arealdel	28

Forord

Vedlegget skildrar kulturminne og kulturmiljø som er føreslegne med omsynssone H570 Bevaring kulturmiljø i Kommuneplanen sin arealdel. Kvart kulturmiljø/kulturminne har ein kort omtale, og dei som er registrert på kulturminnesok.no har lenke til utfyllande informasjon der. Det er gjort greie for prioriteringar og grunnlag for verdivurdering, og informasjon om kva omsynssone H570 inneber. Det står også ei forklaring av ein del sentrale omgrep som blir brukt i planarbeid og kulturminneforvaltning. Til slutt i dokumentet kan ein sjå oversikt over kulturminne og kulturmiljø som har vern i vedtekne reguleringsplanar, og kulturminne og kulturmiljø som er freda etter Kulturminnelova og har bandleggingssone i Kommuneplanen sin Arealdele.

Omgrepsavklaring

Omsynssone

Ei omsynssone er eit område merka i arealplan der det skal takast bestemte omsyn ved bruk og utnytting av arealet. Omsynssone H570 Bevaring kulturmiljø er soner der det skal takast spesielt omsyn til kulturmiljø og kulturminne. Omsynssoner gjer eit vern etter Plan- og bygningslova. Vernet blir sikra gjennom føresegnene til omsynssonene.

Bandleggingssone

Sone for bandlegging ved anna lovverk enn Plan- og bygningslova. Bandleggingssone H730 Bandlegging er bandleggingssone etter lov om kulturminne.

Kulturminne

Alle spor etter menneskeleg liv og virke i det fysiske miljøet vårt. Omgrepet omfattar også stader det knyter seg historiske hendingar, tru eller tradisjon til. Også naturelement med kulturhistorisk verdi er kulturminne eller kan inngå som ein del av eit kulturminne.

Kulturmiljø

Eit geografisk avgrensa område der kulturminne inngår som ein del av ein større heilskap eller samanheng.

Automatisk freda

Kulturminnet er freda direkte, utan særskilt vedtak. Alle faste kulturminne frå før år 1537 er automatisk freda, og har ei sikringssone på minimum fem meter i alle retningar rundt seg. Ståande byggverk som blir erklært til å vere frå perioden 1537-1649 blir også automatisk freda.

Vedtaksfreda

Eit kulturminne som er freda gjennom einskildvedtak etter kulturminnelova. Vedtaksfredingar etter kulturminnelova kan omfatte alle faste kulturminne yngre enn frå 1537 og fartøy.

Forskriftsfreda

Blir brukt om kulturminne som er freda ved forskrift, ikkje ved einskildvedtak. Byggverk og anlegg i statleg eige, og kulturmiljø kan bli freda ved forskrift.

Kyrkjestad

Kyrkje, kyrkjegard, kapell, kloster med tilhøyrande einskildminne (som naust, prestebustad m.m.) Kyrkjer som er bygd før 1650 er automatisk freda.

Listeført kyrkje

Alle kyrkjer som er bygd mellom 1650 og 1850, og ei rekke kyrkjer som er bygd etter 1850, er listeført av Riksantikvaren. Dei er vurdert som verneverdige og av nasjonal verdi. Dei skal handsamast med same respekt som kyrkjer som er freda. Saker som gjeld endringar i og ved listeførte kyrkjer skal sendast til Riksantikvaren for uttale. Det vil seie at Riksantikvaren skal gje faglege råd om endringar av og ved kyrkja, og om istandsetjing- og vedlikehaldstiltak, før kyrkja sitt godkjenningsorgan tek slutninga i saka.

SEFRAK-registeret

SEFRAK er eit kulturhistorisk register som først og fremst blir nytta som kjeldemateriale for den lokale historia. SEFRAK-registreringa vart gjennomført i åra 1975-1995. Bygningar bygde før 1900 vart registrerte over heile landet, med unntak frå Finnmark der bygg før 1945 vart registrerte. Det er viktig å vere obs på at registeret ikkje er komplett. Registeret blir brukt av forvaltninga for å finne verneverdige bygningar i lokalmiljøet, og i det kommunale planarbeidet. Bygningane i SEFRAK-registeret er i utgangspunktet ikkje tillagt spesielle restriksjonar, men kommunen bør ta ei vurdering av verneverdien før det eventuelt blir gitt løyve til å endre, flytte eller rive bygningane. For bygningar som er eldre enn 1850 (markert med raud trekant i kartløyvingane), er det lovfesta i §25 i kulturminnelova at ei vurdering av verneverdien må gjerast før søknad om endring eller riving kan bli godkjent.

Askeladden

Askeladden er Riksantikvaren sin offisielle database over kulturminne og kulturmiljø som er freda etter kulturminnelova, verna etter plan- og bygningslova, eller kulturminnefagleg vurdert som verneverdige. Databasen blir brukt av sakshandsamarar i forvaltninga.

Kulturminnesøk

Kulturminnesøk er ei nettside som er open for alle, kvar ein finn informasjon om kulturmiljø og kulturminne. Den blir drifta av Riksantikvaren og baserer seg på data frå Askeladden, og bidrag frå brukarar over heile landet.

Kommuneplanen sin Arealdel

VIKTIGE OG VERDIFULLE KULTURMILJØ I OSTERØY KOMMUNE

Kommuneplanen sin arealdel skal i naudsynt utstrekking vise omsyn og restriksjonar som har betydning for bruken av areal. Ulike typar omsyn kan markerast i plankartet med forskjellige omsynssoner.

Lista i dette dokumentet omfattar viktige kulturmiljø og kulturminne i Osterøy kommune som bør ha eit formelt vern gjennom Plan- og bygningslova, gjennom omsynssoner for bevaring av kulturmiljø (H570). Kwart område har ei kort skildring for å vise kva historiske verdiar og kvalitetar som ligg der. Kommuneplanen sin Arealdel 2011-2023 inneheld allereie vurderte og vedtekne område som har omsynssone. Desse vert tilrådd vidareført, og ein har vurdert nye område med viktige kulturmiljøverdiar som også bør søkast bevart ved hjelp av omsynssoner. I samband med revisjonen av Kommuneplanen sin Arealdel skal det gjennomførast ein planvask og ei rekke planar skal opphevast. Planane som skal opphevast er gjennomgått, og omsynssonene frå desse planane føreslår ein å legge inn i KPA. Slik kan ein sikre at tidlegare vurderte kulturminne og kulturmiljø blir ivaretekne vidare.

Omsynssoner er eit verkemiddel for ivaretaking og bevaring av landskap og kulturmiljø. Føremålet med omsynssone bevaring kulturmiljø er å synleggjere at det er viktige kulturminne- og kulturmiljøverdiar i eit område, og at desse må takast omsyn til ved utvikling og utbygging i området. Det kan vere ulikt kor strengt vern områda har, alt etter kva type kulturminne eller kulturmiljø det er. Føresegnene til kommuneplanen vil seie noko om kor sterkt vern omsynssonen har.

Omsynssonene markerer at kommunen ønskjer at alle søknadar om tiltak innanfor desse skal vurderast ut frå det spesifikke kulturmiljøet sine verdiar før vedtak kan fattast. Sonene er ikkje fredings-soner som forbyr eit kvart tiltak, men kommunale retningslinjer som fortel om særskilte kulturverdiar. Handlingsrommet for tiltak kan variere innanfor dei ulike sonene ettersom somme verdiar er meir robuste for tiltak enn andre.

Fleire tilskotsordningar krev at eit kulturminne/kulturmiljø skal ha omsynssone eller vere prioritert i kommunens kulturmiljøplan for at ein skal få midlar. Når eit område får omsynssone vil det bli lettare for eigarane av kulturminne innanfor sonen å søke om tilskot og midlar til istandsetjing og bevaring. Det vil gjere det lettare å oppfylle dei nasjonale måla for kulturmiljøpolitikken.

Den første Kommunedelplanen for Kulturmiljø i Osterøy kommune er under arbeid. Arbeidet med ein kulturmiljøplan starta opphavelig i 2016, men vart lagt på is grunna personalskifte. I samband med revisjon av Kommuneplanen sin Arealdel som starta opp våren 2022, vart arbeidet med kulturmiljøplanen teke opp att. Ein viktig årsak var å få kartfesta kulturminne på arealplankartet, ved bruk av omsynssoner. Askeladden, SEFRAK-registeret, lokalhistorisk kjeldemateriell og innspelsmøter med lokale ressurspersonar i t.d. grendalag har vore kunnskapsgrunnlag.

Det er viktig å presisere at lista ikkje inkluderer alt av kulturminne og kulturmiljø i kommunen. Ei rekke viktige kulturminne og kulturmiljø i kommunen har frå før eit vern i vedtekne reguleringsplanar

eller omsynssone H730 Bandlegging etter Lov om kulturminne. Område med slike typar vern er lista opp i tabell 2 og tabell 3, 4 og 5, og inkluderer til dømes Havrå og Bullaeigedomen. Andre kulturminne og kulturmiljø er framleis ikkje kjent eller registrert.

Utover kulturmiljøa som er nemnd i denne lista, kan fleire bli nemnd og prioritert i kulturmiljøplanen med ulike verneklassar, og dei vil stå på ei *gul liste*. Gul liste er kommunen si eiga liste over einskilde kulturminne og kulturmiljø som har lokal kulturhistorisk verdi, og område og bygningar som er verna av Lov om kulturminne og Plan- og bygningslova. Gul liste inneber ikkje noko formelt vern, men viser viktige område som har lokal kulturhistorisk verdi. Desse verdiane skal bli verdsett og takast omsyn til ved byggeprosjekt og planlegging.

Nasjonale mål

Stortingsmeldinga *Nye mål i kulturmiljøpolitikken – Engasjement, bærekraft og mangfold* (Meld. St. 16 (2019–2020) skildrar dei nasjonale måla for kulturmiljøpolitikken:

- Alle skal ha moglegheit til å engasjere seg og ta ansvar for kulturmiljø
- Kulturmiljø skal bidra til berekraftig utvikling gjennom heilskapleg samfunnsplanlegging
- Eit mangfald av kulturmiljø skal takast vare på som grunnlag for kunnskap, oppleving og bruk

Plangruppa har nytta Riksantikvaren sin rettleiar *Verdisetting og verdivurdering av kulturminne* for å velje ut og vurdere område som bør ha omsynssone. Der er det tre spørsmål som er sentrale for å vurdere eit kulturminne eller eit kulturmiljø:

1. Kva kunnskap kan kulturminnet gi oss?
2. Kva slags opplevingar kan kulturminnet gi oss?
3. Kva kan vi bruke kulturminnet til?

I tillegg det ei rekke eigenskapar som ein kan sjå på for å vurdere eit kulturminne/kulturmiljø. Lista er ikkje uttømmende: Alder, autentisitet, samanheng og heilskap, materialbruk, byggemåte, funksjonalitet i dag, tilstand, brukspotensiale, variasjon og mangfald, identitetsskapande.

Fokusområde for kulturmiljø som har utpeika seg i arbeidet med kunnskapsgrunnlaget:

- Eldre sentrumsmiljø (tidsperiode 1900 til om lag 1940): Sentrumsmiljø som utvikla seg kring dampbåtkai, meieri, butikk, post osv. Det er viktig å bevare det som er igjen av desse miljøa, for å vise tidsdjupna i utviklinga av bygdene i kommunen. Dei er viktige identitetsmarkørar og har høg lokal verdi.
- Kyrkjemiljø (tidsperiode frå år 1000 til 1900): Kyrkjemiljøa inkluderer kyrkje og kyrkjegard, prestebustad, naust, brygge osv. Miljøa var samlingspunkt og møteplassar for lokalsamfunnet. Desse miljøa kan ha regional verdi. Dei listeførte kyrkjene er av nasjonal verdi.
- Gardsmiljø (tidsperiode frå bronsealder til i dag): Gardsmiljøa representerer ein stor del av Osterøy si historie som landbruksområde. Miljøa visar utviklinga av gardsstruktur frå eldre klyngetun til gardsbruka etter utskiftinga, og ei breidde av ulike storleikar på bruka.


- Kraft- og Industrimiljø: Industrimiljø, gruvemiljø, kraftstasjon som reflekterer korleis næringar har vekse fram på Osterøy.
- Handverkstradisjon og byggeskikk: Ulike delar av handverkshistoria og byggeskikktradisjonen i Osterøy kommune. Dette inkluderer blant anna ulike bygningstypar som ungdomshus, skular, kyrkjer, og gardshus. I gardsmiljøa kan ein trekke fram lemstover og brakaløer, og andre driftsbygningar som moldhusog kvernhus. Ulike typar steinarbeid er også godt representert.
- Samferdsle: Miljø som knyter seg til ulike delar av samferdslehistoria. Dette kan vere miljø rundt sjøvegen og vegar på land, til dømes Kossdalsvegen og gruvevegane. Her kan det vere nasjonale verdiar. Naustmiljøa har stor kunnskapsverdi og opplevingsverdi, men på nasjonal basis er dei blant dei kulturmiljøa som er mest utsett for forfall og tap.

Liste over utvalde kulturmiljø

Lista over utvalde kulturmiljø er organisert ut i frå ni område som er basert på grunnkrinsar. Kommunen har av praktiske årsaker blitt delt inn slik i arbeidet med Kommuneplanen sin Arealdel. I utvalet av omsynssoner har ein ikkje tatt omsyn til denne inndelinga av kommunen, her har ein sett på kommunen under eitt. Områda er vist i plankartet med skravur.

Tabell 1 Områdeinndeling

Nr	Områdenamn	Krinsnr.	Krinsar
1	Bruvik	0101 -0103	Vassdal, Bruvik, Skaftå
2	Haus	0104-0108	Solstrand, Hausvik, Mjelde, Veset, Votlo
3	Gjerstad	0201-0204	Hartveit, Mele, Hovden, Gjerstad
4	Lonevåg	0208-0207	Lonevåg, Fitje, Myking
5	Haugo	0208-0209	Haugo, Hansdalen
6	Valestrand	0301-0303	Valestrand nord, Valestrand sør, Valestrandsfossen
7	Hamre, Hjellvik, Raknes	0304-0307	Bleiklii, Hamre, Hjellvik, Raknes
8	Hosanger	0401-0405	Svenheim, Grønås, Bysheim, Heldal, Mjøsdaalen
9	Fotlandland	0406-0412	Galteland, Fotland, Vare, Birkeland, Tysso, Tyssebotnen, Kleiveland



Figur 1: Kart som syner dei ni delområda.

OMRÅDE 1: BRUVIK

H570_1 Vassdal skule, Bruvikdalen

Skule for gardane Hakenes, Vassdal, Seilen og Løtveit. Bygd 1903, i bruk fram til 1957. Eit godt døme på eit godt bevart skulebygg frå denne tidsperioden, både innvendig og utvendig, som ikkje har vore flytta. Interiøret inne på skulen er også bevart.

Viktige verdiar/kvalitetar å ta omsyn til: Fasade og originalt interiør frå skuletida. Skuleplass og uthus med utedo.

H570_2 Ulvsnesøy, tidlegare fengsel og guteheim

Historisk viktig øy som har hatt ulik bruk. Har vore klostergods og kyrkjegods. Frå 1881 var det guteheim her. Frå 1952 var det Bergen fengsel avdeling Osterøy. Gardsdrift på heile øya. Fleire SEFRAK-registrerte bygningar, men også nyare driftsbygningar. Ulvsnesøya fortel viktig barneverns- og fengselshistorie, og er eit unikt miljø for Osterøy og i ein landsdekkande samanheng.

Viktige verdiar/kvalitetar å ta omsyn til: Fasade på hovudbygning og dei andre SEFRAK-registrerte bygningane. Naust med innriss på vegg. Kulturlandskap.

H570_3 Vrak og anker Hamnevik, Bruvik

Eksisterande omsynssone for Hamnevika. Her er det gjort funn av skipsvrak som er automatisk freda. For meir informasjon, sjå kulturminnesok.no/149362
Vidareføring av omsynssone i noverande KPA.

H570_4 Bruvik kyrkjestad

Listeført kyrkje frå 1867, automatisk freda mellomalderkyrkjegard, prestegard, naustmiljø, prestekai, kyrkjegardsmur og friområde i Bruvik. Viktige verdiar/kvalitetar å ta omsyn til: Kyrkjemiljøet. Fasade på prestegarden. For meir informasjon, sjå kulturminnesok.no/83962
Vidareføring av omsynssone i noverande KPA.



Gruvene på Skaftå, Atelier KK, 1939. Foto lånt av Billedsamlingen, UIB

H570_5 Skaftå, gruvemiljø

Kalksteinsgruvedrift frå 1870-åra til 1961. Viktig arbeidsplass i si tid, med ein arbeidsstokk på 40-50 mann. Gruvemiljøet inneheld kalksteinsbrotet, og miljøet rundt med fleire SEFRAK-registrerte eldre bustadar, løer, den gamle butikken og skulehuset. Skulen var i drift frå 1896 til 1951. Miljøet står fram som heilskapleg med fleire kvite bustadhus med raudmåla løer. Viktige verdiar og kvalitetar å ta omsyn til: Tradisjonell plassering av bygningar som følg høgdekotene i landskapet. Utvendig fargebruk på bygningar. Fasade på skulehuset. For meir informasjon, sjå kulturminnesok.no/223247
Vidareføring av omsynssone i noverande KPA.

H570_6 Rivenesflorane

Grunnar etter vårflorar, truleg frå 1700-talet. Stor opplevingsverdi. Rivenesflorane er eit populært fotomotiv, og staden er eit stadig meir populært turmål. Det er viktig å sikre at grunnane ikkje tar skade av ferdsel. Viktige verdiar og kvalitetar å ta omsyn til: Murar med stadeigen stein, utsyn, heilskapen med kulturlandskapet rundt.

OMRÅDE 2: HAUS



Blom, Widerøe's Flyveselskap AS, 1955. Foto lånt av Billedsamlingen, UIB

H570_7 Blom

Eit typisk gardsmiljø slik det såg ut etter utskiftinga. Eldre bustadhus med løer og uthus. Blom er nabogarden til Havrå, som er eit sjeldant døme på eit klyngetun som ikkje er utskifta. Ein ser tydeleg skilnaden mellom den gamle klyngetunstrukturen som var på gardane i kommunen i eldre tid, og den nye strukturen som kom med utskiftingane. Den gamle kyrkjevegen som går frå Havrå gjennom tunet på Blom til Haus kyrkje, og i tillegg ned til dei felles naustområda for Havrå og Blom, finst framleis og er synleg i landskapet på Blom. Blom og Havrå sett i samanheng med kvarandre utgjør eit gardsmiljø med god, lesbar historie.

Viktige verdiar/kvalitetar å ta omsyn til: Kulturlandskap. Fasade på våningshus. Tradisjonell plassering av bygningar som følgjer høgdekotene i landskapet. Gamlevegen frå Havrå til naustmiljøet på Blom. Autentisk naustmiljø.

H570_8 Åsheim ved Haus, gardsmiljø

Gardsmiljø på Åsheim, Haus. Våningshus og løe frå 1800-talet, og omkringliggende kulturlandskap. Viktige verdiar/kvalitetar å ta omsyn til: Heilskapen i gardsmiljø og kulturlandskap. Vidareføring av omsynssone i noverande KPA.

H570_9 Haus, ferjekai og naustmiljø

Eldre naustmiljø og ferjekai med lem i tre frå 1937. Kaien var i bruk fram til 1997. Syner ein viktig del av samferdslehistoria i kommunen. Ferjekaien er vurdert av Statens Vegvesen til å vera verneverdig. Viktige verdiar/kvalitetar å ta omsyn til: Ferjekaien med lem. Materialbruk. Sikt og tilgang til ferjekaien frå sjø og land. Fasade på naust.

For meir informasjon, sjå [Haus ferjekai - DigitaltMuseum](#)

Tilsvarende omsynssone frå eldre reguleringsplan som er forslått oppheva, utvida til å inkludere ferjekaien.



Haus sentrum og Mjelddalen, Widerøe's Flyveselskap AS, 1955. Foto lånt av Billedsamlingen, UIB

H570_10 Gamle Haus sentrum

Eit av få bevarte historiske sentrumsområde i kommunen. M.a. gjestgjevarstad frå 1700-talet. Eit unikt miljø i kommunen med særskilt god lesbarheit.

Viktige verdiar/kvalitetar å ta omsyn til: Fasade og farge på bygningar. Anlegg med støttemurar, steintrapper, portar, gjerde, køyre- og gangareal, og hageanlegg.

Tilsvarende omsynssone frå eldre reguleringsplan som er forslått oppheva, utvida til å inkludere alle bygningane som var ein del av gamle Haus sentrum.

H570_11 Haus kyrkjestad

Haus kyrkje, kyrkjestaden og prestegarden med tilhøyrande miljø er eit særskilt godt bevart kyrkjemiljø på Osterøy, med svært høg kulturmiljøverdi. Haus kyrkje, frå 1874, er ikkje listeført av Riksantikvaren. Mellomalderkyrkjegarden er automatisk freda. Miljøet inkluderer kyrkje, prestebro frå 1700-talet, prestegard og naust.

Viktige verdiar/kvalitetar å ta omsyn til: Kyrkjemiljøet. Fasade på prestegarden. Park- og hageanlegg. Prestebro med stadeigen stein. Tilgang og sikt til miljøet frå land og sjø. Naturmiljøet og strandlinja framfor kyrkja, prestebroa og prestegarden.

For meir informasjon, sjå kulturminnesok.no/84508

Utviding av noverande omsynssone i KPA, slik at den inkluderer prestegarden.

H570_12 Mjelddalen

Mjelddalen kulturmiljø er vurdert som regionalt kulturmiljø. Stort og godt samansett kulturmiljø. Viser god historisk tidsdjupne med fornminne, smie, grunnar etter husmannsplassar, storgardsmiljø med Garmannsslekta, mellomalderkyrkjestad, kyrkjeveg, ungdomshus med meir. Skildringa av Mjelddalen som kulturmiljø er ikkje lagt inn i Kulturminnesøk.

Viser til omtalen som står i Askeladden:

Kulturmiljøet i Mjelddalen er her definert ut frå gard 52, 53 og 54: Mjelde øvste, Mjelde midtre og Mjelde nedre.

Den breie, austvende Mjelddalen opp frå fjorden ved Haus er det rikaste jordbruksområdet på Osterøy, og det er funne fleire fornminner i området. Mjeldegardane er mellom dei eldste på øya. Her var det sete for leidangen og seinare tingstad for Mjelde skipreide. Her vart kyrkja bygd, og Mjeldegardane har vore både kongegods og kyrkjegods før dei kom i bondeei. Langt dei fleste av dei husmennene som fanst på Osterøy, var samla kring desse gardane. Frå mellomalderen var Mjelde eit eige kyrkjesokn, under Haus prestegjeld. Det var ei kyrkje i Mjelddalen fram til siste halvdel av 1800-talet.

Busettinga i dalen er tradisjonelt delt i tre delar; Øvre-, Midt- og Nedre-Mjelde. På Øvstmjeldshaugen låg det gamle klyngetunet i Øvre Mjelde. Det strekte seg langs den flate morenen som vart kalla "Torget". Kvar jordeigar hadde sine småteigar spreidd over heile garden, kvernhusa låg langs elva, og smiene låg på haugen bakom. Det var utskifting i Øvre Mjelde i 1899 -1900, men det står enno att spor frå tida før utskiftinga, mellom anna ei geil, og murar etter sauefjøs og vårflor.

Ei bru over elva skil Øvre- og Midt Mjelde. I eldre tider hadde kyrkja sitt hovudsete i Midt Mjelde, med kapellangard, klokkargard og to bustader for preste-enker; såkalla «enkesæter». På Midt Mjelde går hovudvegen gjennom Midtmjeldetunet og vidare mellom dei to enkesætehusa.

I liene langs heile dalen skal det ha vore 21 husmannsplassar, og det finst framleis spor etter fleire av dei.

Flest husmenn var det på Nedre Mjelde, kor Garmann-familien bygde opp eit herresete på 1600-talet. Etter vestlandske forhold var Mjeldegodset ein stor gard, med fleire bygningar i tillegg til hovudhus, frukt- og rosehage, og fleire husmannsplassar. Utover 1800-talet auka husmennene der, frå ein til tretten. Godset vart delt på slutten av 1800-tallet, og det gamle gardstunet forfalt. I dag er det få spor att etter godset.

Sjølv om deler av fjellssidene i dag er dekt av granskog og ein del beiteområde gror att, ligg gardstuna i stor grad velhaldne på begge sider av hovudvegen i det vide landskapet. I dette området er det gamle gardsmiljø, nokre meir intakte enn andre, og fleire gamle tunstrukturar er behaldne. I nokre av bygningane kan ein sjå den gamle byggestilen. Det står òg att eldre løer, og i kulturlandskapet er det fleire gamle vegfar, steingardar og delar av geiler. Det er viktig at dette blir ivareteke, både som einskildobjekt og som del av den store samanhengen.

Viktige verdiar og kvalitetar å ta omsyn til: Siktlinjer frå øvst til nedst i dalen og siktlinjer frå Haus kyrkje oppover i dalen. Kulturlandskapet med store bakkar med steingardar, tørrmurar og bakkala. Eldre tunstrukturar, grunnar etter husmannsplassar, eldre vegfar og uthus. Materialbruk og fargebruk på bustadhus, løer og uthus. Tradisjonell plassering av bygningar som følgjer høgdekotene i landskapet. Kyrkjevegen over Tveitane.

For meir informasjon, sjå kulturminnesok.no/k436

OMRÅDE 3: GJERSTAD

H570_13 Gjerstad kyrkjestad

Listeført kyrkje frå 1871, borgstove, og automatisk freda mellomalderkyrkjegard. Viktige verdiar/kvalitetar å ta omsyn til: Kyrkjemiljøet. Fargebruk, fasade og materialbruk på borgstova. Kyrkjegardsmuren.

For meir informasjon, sjå kulturminnesok.no/84257

Vidareføring av omsynssone i noverande KPA.

OMRÅDE 4: LONEVÅG

Ingen omsynssoner i KPA, området rundt Lonevåg sentrum har allereie fleire omsynssoner i områdeplanen. Sjå tabell 2 for meir informasjon.

OMRÅDE 5: HAUGO



Bilete av lemstova på Koppen Gard. Foto av Osterøy kommune

H570_14 Koppen

Gardsmiljø med eit bruk som ikkje har vore flytta. Stort og komplett gardsmiljø med dei fleste brukshusa intakte, også med mykje originalt inventar i dei ulike bygningane. 1800-tals type lemstove, eldste stove datert til 1601. Elles er her løe, torvhus, moldhus, vårfior, hønselhus, smie og kvernhus. I kulturlandskapet finnast bakkala, steinbruer, bautastein, fornminne i form av gravminne frå jernalder, stabbesteinar og fleire eldre ferdselsveggar som tid dømes kyrkjeveg. Unikt i kommunen. Viktige verdiar og kvalitetar å ta omsyn til: Fasadar, materialbruk, heilskap i gardsmiljø og kulturlandskap.

For meir informasjon, sjå kulturminnesok.no/288956

H570_15 Kleivi, Revheim


Ein av få bevarte husmannsplassar i kommunen. SEFRAK-registrert bustadhus med skytje med brakakledning og skvettheller, løe med gjenverande brakakledning på fleire veggjar, skifertak, skvettheller, tresilo. Veglaus gard utan særleg påverknad frå nyare tids inngrep.

Viktige verdiar og kvalitetar å ta omsyn til: Materialbruk og fasade på skytje og løe, fasade på bustadhus.

H570_16 Møssåsen og Brubakkane, Revheim/Skistad

Kulturhistorisk viktig område med fleire ulike element. Veggen over Møssåsen er kyrkjeveg til Gjerstad frå gamal tid. Truleg var det dåp og gudstenester på Møssåsen før det kom kyrkje på Gjerstad. Den første køyrevegen som vart bygd i kommunal regi, gjekk over Møssåsen. Veggen og fleire flotte bruer vart bygd i 1838. Delar av veggen er i bruk som turveg/traktorveg i dag. Brubakkane er den første staden som vart nytta som idrettsplass i kommunen, frå om lag 1920-talet fram til Osterøy stadion vart utbygd frå slutten av 1970-talet.

For meir informasjon, sjå kulturminnesok.no/296127



Framhall, eksteriør og interiør i hovudsalen. Foto av Osterøy kommune.

H570_17 Framhall, Haugo

Ungdomshuset på Haugo. Stod ferdig i 1923, påbygd kring 1980. Interiøret i festsalen er svært godt bevart. Vindaugene i festsalen er kopiar av vindauga på den gamle Fløistuen i Bergen. Verneverdig eksteriør og innvendig i festsalen. Oppstart av bygdekino i 1958. Kinorum med analogt filmvisningsutstyr som framleis er i orden. Eit teknisk kulturminne som er unikt i kommunen.

Viktige verdiar/kvalitetar å ta omsyn til: Fasade på den originale delen av ungdomshuset, spesielt vindauga i festsalen. Interiøret i festsalen. Kinorum med filmframvisningsutstyr.

H570_18 Haugo, Moldhus

Moldhus i god stand. Saltak ligg direkte på mur i stein, brakakledning med skvettheller i gavl. Eit av få gjenverande moldhus i kommunen. Døme på brakakledning brukt på uthus.

Viktige verdiar/kvalitetar å ta omsyn til: Siktlinjer frå bilvegen. Byggematerial og fasade.

H570_19 Småland, gardstun

Gardsmiljø frå utskiftingstida. Våningshus, løe og uthus. Knutafloren frå 1910 har brakakledning. Eit fint døme på at det vart bygd løer med brakakledning etter år 1900.

Viktige verdiar/kvalitetar å ta omsyn til: Fasade på bustadhus, brakakledning, murarbeid, siktlinje frå fylkesvegen. Heilskapleg kulturmiljø med fleire steinmurar.

H570_20 Halland, gardstun

Bustadhus frå 1600-talet, ikkje flytta under utskiftinga. Tunet, med våningshus med skytje, uthus og løe, er lite påverka av inngrep frå nyare tid. Løa er bygd i samband med utskiftinga, med ein del materiale frå eldre løe. Materialet kan vera så gammalt som frå 15/1600-talet. Ikkje bilveg opp til tunet.

Viktige verdiar/kvalitetar å ta omsyn til: Plassering av våningshus i det gamle gardstunet. Siktlinje frå fylkesveg. Fasade og materialbruk på bustadhus, løe og skytje.

For meir informasjon, sjå kulturminnesok.no/214333

OMRÅDE 6: VALESTRAND



Knud Knudsen-foto av Brakvatne om lag 1871. Foto lånt av Billedsamlingen, UIB

H570_21 Brakvatne

Kulturmiljø ved Brakvatnet. Gard med to bruk. Bruk nr 1 har 7 SEFRAX-registrerte bygg som ikkje har vore flytta i samband med utskiftinga. Bruk nr 2 flytta etter utskiftinga, men ligg rett ved det originale tunet. Her høyrer også eit garveri til, nede ved vatnet. Eitt av få tun i Valestrands-området som er relativt uendra. Miljøet med dei to bruka er representativt for gamal byggeskikk frå tida før og etter

utskiftinga. Det er fleire brakakledde bygningar her som er i god stand. Det knyter seg mykje historie til garden. Felespelaren Nils Brakvatne vaks opp her. Ole Bull besøkte bestefar hans, Ola Brakvatne. Staden har stor bruks- og opplevingsverdi i dag. Tunet ligg i eit mykje brukt turområde, som inkluderer den gamle sjøvegen frå Brakvatne til Valestrand.

Viktige verdiar/kvalitetar å ta omsyn til: Kulturlandskap. Fasade på våningshus og lør. Tradisjonell plassering av bygningar som føl høgdekotene i landskapet. Lauvtreallé. Siktlinje frå friområde ved Brakvatne. Den gamle ferdselsåra til Valestrand.

H570_22 Reigstad, teiginndeling

Område med mykje steingardar som er av handverksmessig god kvalitet. Syner eigedomsgrenser frå utskiftingstida. Unikt og sjeldant miljø i kommunen.

H570_23 Reigstad, steingard

Steingard som går frå sjøen og eit godt stykke oppover mot Hånipa. Steingard som går frå innmark til utmark på fjell.

H570_24 Eversdalen

Eit gardsmiljø utan stor påverknad av nyare tids inngrep. Eit fint døme på eit gardsmiljø frå tidleg 1900-tal. Bustadhus, lør og fleire uthus. Bygdeveg gjennom tunet.

Viktige verdiar og kvalitetar å ta omsyn til: Fasade og materialbruk på bustadhus, lør og uthus. Heilskapleg kulturlandskap.



Knud Knudsen-foto av Bullahuset med Bakkjen i bakgrunnen, om lag 1870. Foto lånt av Billedsamlingen, UIB

H570_25 Bakkjen

Miljø med fleire SEFRAK-registrerte hus. Husmannsplass under Bullagarden. Det eldste huset i Bakkjen er eit svært godt bevart bustadhus som ikkje har vore ombygd frå 1600-talet. Bustadhuset sto fleire stader på Osterøy før det til slutt vart flytta til Bakkjen. Huset i Bakkjen er synleg på fotografi av Ole Bull og Bullahuset frå 1860-talet, og ser ut slik som det gjer i dag. Løe høyrde til to brukarar, med kvar sin inngong og ligg spesielt i landskapet. Alle desse elementa er sjeldne. Viktige verdiar/kvalitetar å ta omsyn til: Kulturlandskapet rundt Bullaeigedomen, og siktlinjer frå og mot Bullaeigedomen. Fasade på våningshus og løer. Tradisjonell plassering av bygningar som følgjer høgdekotene i landskapet, og den eine løa som ligg på tvers av høgdekotene.

H570_26 Runnhovda, Sigurdshytta

Tørrmurt steinhytte frå 1920-talet. Svært fint arbeid og eit godt døme på tørrmuring i kommunen.

H570_27 Skor, kanal

Handmurt kanal som går frå Skor og renn ut i sjøen via ei stemme på Runnhovda. Bygd på pliktarbeid i samband med garveridrifta på Runnhovda, og forsynte garveria med kraft og vatn. Kanalen er om lag 3 km lang, og har mange bruer over seg, både større mura bruer og steinhellebruer. Viktige verdiar/kvalitetar å ta omsyn til: Samanheng frå fjell til sjø. Bruer over elva.



Kvernhus i stein på Skor. Bilete av Osterøy kommune.

H570_28 Skor, steinarbeidsmiljø

Område med særleg mykje steinarbeid. Fire kvernhus i stein, grunnar etter husmannsplass, potetkjellar, steintrapper, og stemmer tilknytt kvernhusa. Eit av kvernhusa er i god stand, intakt både utvendig og innvendig.

Viktige verdiar/kvalitetar å ta omsyn til: Kvernhus med stadeigen stein. Byggeskikk. Kulturlandskap med steinarbeid.

OMRÅDE 7: HAMRE, HJELLVIK, RAKNES

H570_29 Klokkarneset

Klokkarbustad, uthus og naust som høyrer til Hamre kyrkjestad.

Viktige verdiar/kvalitetar å ta omsyn til: Fasade. Materialbruk. Siktlinjer frå land og sjø. Kulturlandskap.

Tilsvarende omsynssone frå eldre reguleringsplan som er forslått oppheva.

H570_30 Hamre kyrkjestad

Kyrkjestad med 1000 år lang historie. Eit komplett miljø med prestebustad, naust, kyrkjebåt, tømmerkyrkje, mellomalderkyrkjegard og paktarbustad. Automatisk freda tømmerkyrkje frå rundt 1640.

Viktige verdiar/kvalitetar å ta omsyn til: Kyrkjemiljøet. Fasade på prestebustaden. Prestekaien og parkanlegget. Fasade og materialbruk på naust. Tilgang og sikt til miljøet frå land og sjø.

For meir informasjon, sjå kulturminnesok.no/84478

Vidareføring av omsynssone i noverande KPA.



“Sole- og badeliv på Hamreplass, Osterøy” Oscar Hansen, frå mellom 1900 og 1905. Foto av Klubben, lånt av Billedsamlingen, UIB

H570_31 Klubben, Hamre

Godt bevart naustmiljø med fleire SEFRAK-registrerte naust. Ekserserstad i eldre tid. Staden er nemnd i samband med Erik Rosentrantz ca. 1565.

Viktige verdiar/kvalitetar å ta omsyn til: Tradisjonelle fasadar og materialbruk på naust.



Meieriet på Teppstad. Foto: Osterøy kommune

H570_32 Teppstad

Gamle Teppstad sentrumsmiljø. Meieri, fleire naust og kommunal dampbåtkai. Eit sjeldant sjøbruksmiljø som er svært viktig å bevare.

Viktige verdiar/kvalitetar å ta omsyn til: Fasade og originalt interiør frå meieritida i Meieriet. Tilgang og sikt til miljøet frå land og sjø. Fasade på naust.

H570_33 Mjelstad, nordre

Teodorhuset og Teodorløa. Bustadhus frå 1500-talet, løe med restaurert brakakledning og jordkjellar. Husa har ikkje vore flytta i samband med utskiftinga.

Viktige verdiar/kvalitetar å ta omsyn til: Plasseringa av bygningane. Skytje på våningshus. Fasade på våningshus med originale vindauge og fasade på løe. Samanheng i kulturlandskapet. Siktlinje frå vegen.

For meir informasjon, sjå kulturminnesok.no/265700

H570_34 Gamle Hjellvik sentrum

Sentrumsmiljø med naust og bustadhus som syner delar av gamle Hjellvik sentrum.

Viktige verdiar og kvalitetar å ta omsyn til: Fasade og materialbruk på naust.

H570_35 Raknes, mjølkerampe

